

Rådmannen kom ikkje lenger enn til formannskapet med det relativt drastiske framlegget sitt om å avgrense støtta til private idretts- og kulturanlegg til byggjetilskot over driftsbudsjettet til verksemda Kultur og fritid. Politikarane sette foten ned og to uskedelinger skal vera med og utgreia saka vidare.



Torfinn Myklebust skal utgreia saka.

Med ei slik ordning ville storleiken på tilskotet vera avhengig av kva budsjetttrammer verksemda til ein kvar tid får tildelt av kommunestyret. Det ville heller ikkje vorte gjeve tilskot til slike anlegg over investeringsbudsjettet.



Gunn Mari Moberg skal utgreia saka.

Gunnar Våge (Sp) sa i formannskapet at han var uroleg over kva som ville skje hvis ein sette bom for å støtte positive tiltak som desse. Han viste til at det kommunale engasjementet har ført til realisering av mange flotte anlegg. Også Elisabeth Tharaldsen (Framstegspartiet) meinte framlegget frå rådmannen var drastisk.

Saka vart utsett og skal utgreiast nærare før formannskapet tek ei endeleg avgjerd. Ei nemnd bestående av uskedelingerne Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) og Gunn Mari Moberg (H) og med Erling Boland (Ap) som tredjemann skal ta seg av utgreiinga . Dei skal leggja fram innstilling for formannskapet før januar om retningslinjer for kommunen sitt engasjement i idretts- og kulturbygg i framtida.

Av Ola Matti Mathisen